

# Notat

Går til:

Føretak: Helse Vest RHF

Dato: 27.05.2008

Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen

Sakshandsamar: Gjertrud Jacobsen

Saka gjeld: Nevrokirurgi i Helse Vest - statusrapport 21.05.08

**Styresak 056/08 O**

**Administrerande direktør si orientering pkt. 1**

**Styremøte 04.06. 2008**

I føretaksmøte 7. mars 2008 for Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF blei det vedteke korleis nevrokirurgisk verksemd skal organiserast i Helse Vest. I følgje pkt. 15 i protokollen frå dette møtet skal Helse Bergen rapportere skriftleg til Helse Vest RHF kvar 14. dag vedrørande følgjande:

- Vaktdekning i Stavanger
- Risikovurdering med tiltak som er gjort knytt til vaktdekning i Helse Stavanger
- Gjennomføring av konsultasjonsverksemd i Stavanger
- Gjennomføring av fast faglege møtetidspunkt mellom Helse Bergen og Helse Stavanger
- Gjennomføring av rotasjonsordningar

Det blei og vedteke at styra i Helse Stavanger og Helse Bergen skal orienterast om status for dette arbeidet i kvart styremøte.

Helse Bergen HF har sidan rapporteringa i førre styremøte rapportert skriftleg og gjennom telefonmøte til Helse Vest RHF, 8. og 21. mai.

Både styret i Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF er orientert om status i saka.

## **Status pr. 21. mai 2008:**

- Vaktdekning i Stavanger
  - Rapportane frå Helse Bergen syner at det er namngjeven vaktdekning fram til og med juli 2008. Dette inneber at ein og har sikra vaktdekning for store delar av ferien 2008.
- Risikovurdering med tiltak som er gjort knytt til vaktdekning i Helse Stavanger
  - Helse Bergen rapporterer at vaktdekninga er god, men at det ikkje er reservekapasitet. Det blir derfor arbeidd på fleire hald for å redusera risikoen for eventuell svikt i vaktdekkinga. Bemannninga i Bergen er styrkt med ein overlege og ein har kontakt med ein til om tilsetting med arbeidsstad i Stavanger. Dette er ikkje avklart ennå.
- Gjennomføring av konsultasjonsverksemd i Stavanger
  - Dette arbeidet er ikkje satt i gang ennå, men Helse Bergen har satt i gang førebuande arbeid spesielt med tanke på barnenevrokirurgi. Vidare drøftar nevrokirurg i Stavanger enkeltsaker med kollega i Bergen 2 gonger pr. månad.

- Gjennomføring av fast faglege møtetidspunkt mellom Helse Bergen og Helse Stavanger
  - Helse Bergen hadde planlagd å sette i gang faste kliniske konferansar frå og med mai 2008. Teleradiologi er ein viktig føresetnad for dette og teleradiologiprosjektet er forsinka. Dette medfører og forsinking i oppstart av kliniske konferansar, men ein reknar med å kunne starte opp i juni. Vidare er det planlagd eit fagleg seminar i Haugesund i juni 2008 der begge avdelingane skal delta. 40 er påmeldte så langt derav 13 frå Stavanger.
- Gjennomføring av rotasjonsordningar
  - Helse Bergen hadde satt i gang organisering av dette i samarbeid med Helse Stavanger. Pga av at avdelingssjukepleiar i Stavanger har sagt opp stillinga si er det ikkje framdrift i dette arbeidet no.

Helse Bergen HF har til no følgt opp dei rapporteringsrutinane som er vedtekne og desse syner at det er sikra god vaktdekning i Stavanger til ut juli månad. Vidare er ein godt i gang med å sikre ei nærmare fagleg integrering av dei to avdelingane.

Ein vil halde fram med rapportering kvar 14. dag og styret i Helse Vest RHF vil bli orientert om status i neste styremøte.